

Kjære venn av SJH!

Eit nytt skuleår er i gang her i Aurland, på Norge sin einaste heiløkologiske landbruksskule der vi utdannar agronomar i økologisk jord- og hagebruk.

Sogn Jord- og Hagebruksskule har i år hatt rekordstort søkjartal, der 25 nye elever har fått plass ved det toårige studieprogrammet for å bli økologisk agronom. I tillegg til dei 20 som skal gå vg 3. Elevene representerer 5 nasjonalitar og 16 fylke, gjennomsnittsalder er 26 år. Skulen er inne i sitt livs mest spennande år då vi MÅ lukkast med å få på plass finansiering til nybygg og oppgradering av anlegg. Ein prosess som har pågått i mange år, men som ser ut til å vere svært så utfordrande å få på plass. Venneforeininga si store oppgåve denne hausten vert såleis å bistå i å få finansielle midlar på plass og vi må difor etablere oss med organisasjonsnummer.

Skipingsmøte for Venneforeining for SJH vert tysdag 9. september 2014, kl. 18.00 på Krutt og Kanel kafé i Aurland. Ynskjer deg med dette velkommen til stiftingsmøte og inviterer deg med i det vidare arbeidet i Venneforeininga til SJH.

Det er Sogn og Fjordane Fylkeskommune som eig og driftar SJH. I juni kom meldinga om at overføringane til fylket generelt frå staten vert redusert kraftig framover, noko som påverkar vår sak også. Trass iherdige forsøk på å få investeringsmidlar frå staten og få staten med på lage for å realisere nødvendige nybygg ved skulen har ikkje det ført fram. Dagleg drift av skulen er finansiert framover, men krav til bygg og anlegg gjer at administrasjonen hos fylkeskommunen lyt stenge skulen om ikkje finansiering til oppgraderingar og nybygg kjem på plass.

Venneforeininga ser difor nødvendigheita av å raskt kunne starte eit finansielt grasrotarbeid for å sikre skulen si framtid. Målsettinga vår er å få på plass 12 millionar kroner denne hausten i tillegg det Aurland Kommune har løyvd. Det skal vi klare. Velkommen til vidare arbeid i ei venneforeining som ikkje berre skal verne om SJH, men kunne vere med å utvikle skulen vidare. Norge treng dyktige fagfolk i økologi og dei vil vi fortsette å utdanne i det unike miljøet vi har i Aurland.